



# Prop. 104 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 21. april 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Etter Grunnlova § 75 bokstav i kan Stortinget mellom anna innvilge pensjonar frå statskassa.

Ordninga med pensjonar frå statskassa er praktiserte slik at Arbeids- og inkluderingsdepartementet kontinuerleg tek stilling til søknader om pensjon som kjem inn, med atterhald om Stortingets endelege godkjenning. I proposisjonen her blir det lagt fram ei liste over pensjonar frå statskassa som departementet mellombels har innvilga i 2022, og som ein ber om Stortingets endelege godkjenning av.

Ein omtale av ordninga med pensjonar av statskassa og om dei pensjonane som denne proposisjonen gjeld, er gitte i punkt 2.

I 2022 blei det utbetalt 15 919 697 kroner i pensjon av statskassa. I statsbudsjettet for 2023 er det løyvt 16 500 000 kroner på kapittel 611 Pensjoner av statskassen.

### 2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand, med krav til oppteningstid gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og blir gjerne omtala som gåvepensjon.

Proposisjonen no gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Namna deira er i proposisjonen erstatta med enten kvinne eller mann av personvernomsyn. Tenestestaden er òg tatt ut. Om ønskeleg kan Stortinget få tilsendt lista over namna og tenestestaden deira. Dei lokalt tilsette er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

I følgje utanriksinstruksen, skal lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar: *«lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.»*

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg. Tilhøve i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, kan òg føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa på vegne av vedkomande.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalningar, er det i nokre land vanleg at pensjo-

nen blir betalt ut som eit eingongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

### I

Opplysningar om søkjaren			Pensjon			
Nr.	Namn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Vedteke	Pr. mnd.	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>						
1	Mann	65	28.01.2022	929	01.02.2022	
2	Kvinne	60	11.04.2022	9 070	01.08.2027	
3	Kvinne	60	24.04.2022	8 992	01.08.2027	
4	Mann	60	20.05.2022	3 142	01.03.2024	
5	Kvinne	60	30.06.2022	2 024	01.04.2022	Etterlatne- pensjon
6	Mann	60	04.07.2022	5 857	01.03.2021	
7	Kvinne	60	08.08.2022	3 498	01.04.2022	
8	Kvinne	50	12.09.2022	1 452	01.07.2022	
9	Mann	60	03.10.2022	1 428	01.09.2022	
10	Mann	60	03.10.2022	6 158	01.07.2023	
11	Mann	63	10.10.2022	681	01.10.2022	
12	Kvinne	60	17.10.2022	2 902	01.07.2022	
13	Mann	60	19.10.2002	2 404	01.02.2022	
14	Mann	67	23.11.2022	6 884	01.10.2022	
15	Kvinne	55	29.11.2022	3 983	01.11.2022	

